



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 06.05.2021  
**Møtestad:** Nordbygda skule, gymsal  
**Møtetid:** 15:00 - 17:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Bjarte Andvik	H	Medlem
Frode Langhelle	H	Medlem
Kariann Ekren	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Malmfred Helge Haukeland	AP	Ragnvald Tangedal
Bjarte Dyrkolbotn	H	Erlend Kvamsdal
Stian Sjøvik	Sp	Silje Vågseth Kjetland
Jan Olav Fosse	Sp	Wenche Dåe

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
012/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/2021	Godkjenning av møtebok
014/2021	Årsrekneskap 2020 - Masfjorden kommune
015/2021	Årsmelding 2020 Masfjorden kommune
016/2021	Årsmelding kraftfondet 2020
017/2021	Finansreglement
018/2021	Samarbeidsavtale PPT
019/2021	Godkjenning av forskrift for slamtømming
020/2021	Referatsak
021/2021	Framlegg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd

## **012/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Det vart gjort framlegg om Kariann Ekren og Hildegunn Bjånes til å skrive under møteboka.

Rådmannen spurte om sak om godkjenning av vedtekter for ungdomsrådet kunne leggest til sakslista. Kommunestyret slutta seg samla til dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 012/2021 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **013/2021: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Geir Egil Haugsvær (Sp) orienterte kort om kvifor møteboka frå kommunestyre 11.02.21 ikkje var underskriven.

Ordførar sette fram forslag om at ein fekk ei fast sak i kvar innkalling der skriftlege spørsmål vart lagt inn. Kommunestyret slutta seg samle til dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 013/2021 VEDTAK:**

**Møteboka frå kommunestyret 11.02.21 vert godkjend.**

---

## **014/2021: Årsrekneskap 2020 - Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Årsrekneskapen 2020 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Både drifts- og investeringsrekneskapen 2020 er avslutta i balanse.

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 030/2021 VEDTAK:**

Årsrekneskapen 2020 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Både drifts- og investeringsrekneskapen 2020 er avslutta i balanse.

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Revisjonssjef i Vestlandsrevisjon IKS Janne Eraker møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 014/2021 VEDTAK:**

Årsrekneskapen 2020 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

**Både drifts- og investeringsrekneskapen 2020 er avslutta i balanse.**

---

## **015/2021: Årsmelding 2020 Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2020 vert teken til vitring.

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 031/2021 VEDTAK:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2020 vert teken til vitring.

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Revisjonssjef i Vestlandsrevisjon IKS Janne Eraker møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 015/2021 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune si årsmelding for 2020 vert teken til vitring.**

---

## **016/2021: Årsmelding kraftfondet 2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Årsmelding 2020 kraftfondet vert teken til vitring

### **18.03.2021 KRAFTFONDSSTYRET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **KRFT - 003/2021 VEDTAK:**

Årsmelding 2020 kraftfondet vert teken til vitring

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

### **KS - 016/2021 VEDTAK:**

Årsmelding 2020 kraftfondet vert teken til vitring

---

## **017/2021: Finansreglement**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning pr. april 2021 for Masfjorden kommune vert vedteken slik det ligg føre I sakstilfanget

## **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 032/2021 VEDTAK:**

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning pr. april 2021 for Masfjorden kommune vert vedteken slik det ligg føre I sakstilfanget

## **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 017/2021 VEDTAK:**

**Reglement for finans- og gjeldsforvaltning pr. april 2021 for Masfjorden kommune vert vedteken slik det ligg føre I sakstilfanget**

---

## **018/2021: Samarbeidsavtale PPT**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune inngår samarbeidsavtale med PPT Fensfjorden, og avtalen gjeld frå 1.1.2021.

### **29.04.2021 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

### **FS - 036/2021 VEDTAK:**

Masfjorden kommune inngår samarbeidsavtale med PPT Fensfjorden, og avtalen gjeld frå 1.1.2021.

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Saka vart drøfta.

Rådmannen orienterte om at avtalen gjeld frå 1.1.2022 og bad om at dette vart retta i vedtaket.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med rettinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### **KS - 018/2021 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune inngår samarbeidsavtale med PPT Fensfjorden, og avtalen gjeld frå 1.1.2022.**

---



## **019/2021: Godkjenning av forskrift for slamtømming**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til ny forskrift for slamtømming, med heimel i Lov om vern av forurensinger og om avfall (forurensingsloven)» §26, 3. ledd, §30 2. og 3. ledd og §34.

### **04.02.2021 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 006/2021 VEDTAK:**

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til ny forskrift for slamtømming, med heimel i Lov om vern av forurensinger og om avfall (forurensingsloven)» §26, 3. ledd, §30 2. og 3. ledd og §34.

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 019/2021 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune godkjenner framlegg til ny forskrift for slamtømming, med heimel i Lov om vern av forurensinger og om avfall (forurensingsloven)» §26, 3. ledd, §30 2. og 3. ledd og §34.**

---

## 020/2021: Referatsak

### Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

### 06.05.2021 KOMMUNESTYRET

Gulen og Masfjorden barnevernteneste v/einingsleiar Jane Hesjedal og nestleiar Kristin Midtgård orienterte om organisering av og arbeidet i barneverntenesta før møtet starta.

Det var generalforsamling i Masfjordbygg AS og Einekavane AS før kommunestyret starta.

#### Grunngjevne spørsmål:

#### Stian Søvik (Sp) stilte følgjande spørsmål:

Som leiar, og på vegne av teknisk utval, vil eg stille følgjande spørsmål til ordførar og kommunestyre.

- Kva saker vil kommunestyre at teknisk utval skal handsame?

Bakgrunnen for spørsmålet er at det oppsette møtet i april er avlyst på grunn av mangel på saker, dette i følge administrasjonen v/teknisk sjef Roald Kvingedal.

Me opplever at mange saker som godt kunne vore politisk behandla no vert avgjort administrativt og eventuell klage går rett il formannskapet. Teknisk utval har stor interesse av å få ulike saker til behandling, det gjer oss meir sikre i våre roller. Det vil vere meir givande enn det å måtte bla gjennom "delegerte" vedtak.

Delegeringsregelementet for TU, side 11. punkt C

Eksempel på saker som kunne har vore behandla i TU

- Frådelingssak på Kalhovda, spesifikt bedd om å verte handsama i TU
- Frådelingssak Duesund, Nordli

Ordførar svara på dette spørsmålet. Ordførar sette fram forslag om at gruppeleiarane gjekk gjennom mandatet til TU sett opp mot delegeringsreglementet med mål om å kome fram til ei tenleg løysing for TU sine oppgåver. Kommunestyret slutta seg samla til dette.

#### Geir Egil Haugsvær (Sp) stilte følgjande spørsmål:

1. Har Berinvest fått godkjent utsleppsløyve og er lokasjonen godkjent øvingsanlegg?
2. Er det tilfelle at kommunen er utan godkjende røykdykkarar? Kva er årsaka og kor lenge har me vore utan den kompetansen?
3. *Interpellasjon:* Vil ha tilbakemelding frå kommunestyret på lånet til Berinvest som formannskapet godkjente 18.3.2021. SP meiner dette bryt med 2 vedtak gjort i kommunestyret:
  - Vedtak 085/2020: «Styret rapporterer til formannskapet fram til øvingscenteret er i drift. Eventuelle avvik blir handsama av kommunestyret.»
  - Vedtak 004/2021: «Saka vert sendt tilbake til rådmannen for å dokumentere følgjande: At Berinvest er eit godkjend øvingsanlegg for praksisveka grunnkurs.»

Då formannskapet behandla lånesøknaden 18.3 var ikkje Berinvest eit godkjent øvingsanlegg.

Ønsker at kommunestyret diskuterer korleis ein skal stille seg til vidare framdrift i denne saka.

Ordførar svara på desse spørsmålet.

**Laila Furebotn (Sp) stilte følgjande spørsmål:**

1: Vassforsyning på Eineleitet.

Innbyggjarane på Eineleitet på Matre misser vatnet kvar gång ein av brannhydrantane på Matre vert brukt. Dette har vore eit problem der i mangan år og seier dei fleire gangar har meldt frå om dette til kommunen.

I sommarhalvåret vert hydrantane oftare brukt, då brannvesenet køyrer ut vatn til private brønner som går tom. Elles vert dei nytta ved øvingar og alarmer.

Me lurar på om det er noko plan på utbetring av dette problemet, og evt kortid vil dette skje?

Ordførar svara:

Masfjorden kommune er godt kjent med at trykket knytt til bustadane på Eineleitet går ned så snart nokon tappar ut mykje vatn frå hydrantar eller kummar på Matre. Dette problemet melder seg til dømes i samband med brannøvingar, eller når tankbilar fyller vatn på tanken utan å tenka at trykket då går kraftig ned i vassforsyningsanlegget.

Alle som skal fylla store tankbilar med vatn må difor på førehand be om løyve til dette hjå vasseigar v/ teknisk drift eller teknisk sjef. Dei som organiserer brannøvingar må og varsle teknisk drift på førehand, slik at Masfjorden kommune v/ teknisk kan gje melding til aktuelle bustadar om at det kan bli vassmangel i ein kort periode i samband med øvinga. Munnleg orientering om dette meldingsansvaret har gått til aktuelle storforbrukarar og folk i brannvernet frå teknisk drift ved mange høve. Dei som treng fylla tankvatn får då tilbakemelding om at fyllinga må skje over litt lengre tid enn det som er mogeleg om ein opnar kranane på fullt. Dette systemet fungerer bra når dialogen er god mellom partane. Då blir det ikkje vassmangel på Eineleitet i samband med tankfyllinga.

Det er mange investeringsbehov knytt til dei fem vassverka til Masfjorden kommune. Difor handsama formannskapet i møte den 12.02.2021, sak 017/2021 om prosjekt knytt til drikkevatt i Masfjorden kommune. Det vart då fatta følgjande vedtak:

1. *Ny trykkaukestasjon ved Legdavik*
2. *Trykkaukestasjon til planlagt bustadfelt på Varleitet.*
3. *Vassleidning frå område Fensfjordbygg til bustader i Yndesdalsvegen 22, 26 m.fl. må utgreiast meir før ein kan ta endeleg avgjerd om kommunal deltaking. Rådmannen får fullmakt til å forhandle med dei aktuelle abonnentane om fordeling av kostnader, og leggja fram avtale til politisk handsaming.*

*Oppstart av ny hovudplan for drikkevatt vert lagt fram som eiga sak hausten 2021. Prosjekt 4 og 5 nemnt nedunder vert å drøfta nærmare i samband med dette planarbeidet.»*

I denne saka valde ein å prioritera ny trykkaukestasjon i Legdavika, for å erstatta eit anlegg frå 80-talet. Anlegget her pumpar vatn opp i høgdebassenget på Hosteland, og sviktar anlegget her vil det vera kritisk for hovudvassforsyninga både til Hosteland, Sandnesbygda og vestover til og med Sløvågen i Gulen kommune. Vidare valde ein å prioritera eit mindre bustadfelt som kan gje nye innbyggjarar til kommunen på Kvamme.

Å styrka vassforsyninga på Matre for dei bustadane som ligg på Eineleitet, krev at det vert etablert ein ny pumpestasjon på flata nedanfor. Eit nytt pumpehus med inventar kjem fort opp i krone 400.000, og i tillegg vil det koma kostnader knytt til framføring av straum og signalstyring. Til saman vert ein slik kostnad stipulert til ein stad mellom krone 600 – 700.000 eks mva.

Som ordførar meiner eg at nye større investeringar innan drikkevassforsyninga må handsamast i samband med arbeidet med ny hovudplan, og at prioriteringar på vassområdet må avklarast

nærmare i samband med denne planen som skal starta opp i haust.

## 2: Brannhydrantar:

Brannhydrantane i indrefjorden ber tydelig preg av lite vedlikehald/ kontrollar.

Det manglar pakningar, mangen leverar lite vatn, og nokon er defekt så dei let seg ikkje opna.

Til dømes hydranten på Eineleitet. Den leverar litt vatn i om lag 1 minutt, så er det stopp. Der er det heller ingen andre vasskjelder ein kan nytta.

Hydranten i «det gamle» byggefeltet på Haugsvær er knekt sund så ein ikkje får opna den. Her er og dårleg med andre vasskjelder.

Med tanke på at her er store avstandar og eit deltidsbrannvesen som normalt sett brukar litt tid før ein kjem seg fram, kan det vera avgjerande for resultatet ved ein brann om hydrantane fungerer som dei skal eller ikkje.

Me lurar difor på om Masfjorden kommune har noko plan for kontroll/ testing/vedlikehald av brannhydrantane i kommunen?

Svar frå ordførar:

Til spørsmålet om Masfjorden kommune har noko plan for kontroll/testing/vedlikehald av brannhydrantane i kommunen vil ordførar svara følgjande:

Våren 2020 vart det i regi av brannsjefen gjort eit arbeid i både Masfjorden og i Gulen kommune med å kartleggja og registrere brannkummar og brannhydrantar. I august 2020 vart det halde møter mellom teknisk sjef og brannsjefen, for å klargjera status i forhold til kva hydrantar og brannventilar som var operative og ikkje, samt behovet for brannhydrantar, behov for merking og vedlikehald og service på desse.

Mellom anna vart det då avklart at brannsjefen, på bakgrunn av beredskapsanalysen m.m, har ansvar for å sjå til at det er forsvarleg avstand mellom hydrantane i områder der slukkeinnsatsen er basert på vassforsyning frå hydrant/brannventil og soleis må vera vera operative/ funksjonelle til ei kvar tid.

På bakgrunn av dette har teknisk sjef jobba hausten/ vinteren 2020 med å finna eit firma som kunne ta på seg ansvaret for kontrollera og driva service på brannhydrantane. Fleire firma har vorte kontakta, men ein har enno ikkje lukkast med å få på plass noko avtale.

Kommunen i regi av teknisk sjef jobbar framleis med å få tak i eit firma som kan seia seg viljug til å ta ansvar for årleg service og kontroll på hydrantane i Masfjorden. Med ein slik avtale årleg service og kontroll på desse hydrantane, vil kommunen og fått fram avvik som nemnd i interpellasjonen og ta kostnaden med å få dei prioriterte hydrantane i full stand.

For å sikra vidare innsats på dette feltet vil administrasjonen ha eit møte den 11.mai for å prøva å landa arbeidet med å få på plass eit opplegg for kontroll/ testing/vedlikehald av utvalde brannhydrantar snarast mogeleg.

## Referatsaker:

Skriv 1: Auka samspel gjennom kommunal frivilligpolitikk - Konferanse 28.mai

Skriv 2: Brev fra Human-Etisk Forbund angående gravplassforvatningen

Skriv 3: Brev til kommunane i Vestland om kandidatar til styre

Skriv 4: Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 21.04.2021

Skriv 5: Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 9.mars, årsmelding og møteplan for 2021

Orientering frå Ordførar:

- Ordførar orienterte kort om status Masfjordsambandet og kommuneproposisjon 2022  
Ferjeavløsningsordningen

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - 020/2021 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

## **021/2021: Framlegg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv inn framlegg til vedtak her

### **06.05.2021 KOMMUNESTYRET**

Saka vart delt ut i møtet etter at ho vart godkjent lagt til sakslista i sak PS 12/021 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 021/2021 VEDTAK:**

**Vedtektene til Masfjorden Ungdomsråd vert endra i tråd med innstilling frå Ungdomsrådet og trer i kraft frå mai 2021.**

---

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 06.05.21 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Hildegunn Bjånes  
kommunestyremedlem

---

Kariann Ekren  
kommunestyremedlem